



## **Uttale til høyring – NOU 2011:15 Rom for alle – en sosial boligpolitikk for framtiden**

Vedlagt er uttale frå Stord kommune:

Oppsummert er arbeidsgruppa samd i at høyringa tek for seg mange viktige tema

DEL 3

Pkt. 6.3.3

Tilskot til etablering;

Opplever ikkje at kommunen får nok tilskot til etablering. Kan hjelpe 1 – 2 husstandar i året.

Pkt. 6.3.4

Samspel;

Kommunane vert oppfordra til å sjå verkemidla i samanheng, dvs. tilskot, bustønad, startlån og sosialhjelp til buutgifter. Sosialtenesta er ikkje alltid positive til at det vert gitt lån til husstandar som har behov for sosialhjelp, sjølv om det i fleire tilfelle kan gi lågare buutgifter å eige enn å leige.

Pkt. 6.4.2

Kommunen ynskjer særleg understreka forslag om å styrkja bustønad for barnefamiliar ved å heva taket for husleiga. Heilt i tråd med den bustadsosiale planen i Stord kommune.

Pkt. 6.5.2

Eit godt forslag at dersom foreldre har delt omsorg skal ein kunne berekne bustønad basert på at det er barn i bustaden for begge, ikkje berre for den parten der barna er registrert i folkeregisteret.

Pkt. 7.2.1

Paradoks at private finansieringsinstitusjonar må krevje eigenkapital på minimum 10 %, medan startlånet kan gis opptil 100 % pluss omkostningar. Konsekvensen for låntakar kan bli ille uansett.

Pkt. 7.4.3

Kommunen undrar seg om det ikkje er eit mål at husstandane skal betale ned gjelda si over tid? Kva med risikoen dersom verdien på bustaden vert vesentleg redusert?

Pkt. 7.5.5

Høg anna gjeld, særleg forbruksgjeld fører til at mange ikkje har god nok beteningsevne til å få bustadlån. Misleghalden forbruksgjeld må ofte ryddast opp i før det vert gitt lån til bustad. Mykje forbruksgjeld er også oftast grunnen til at husstandar må gå frå bustaden sin. Staten bør og sjå på dette problemet. Til dømes med eit gjeldsregister som kan bidra til å hindre stadig ny gjeldsopptak.

Pkt. 7.8.1

Startlån - Høge prisar på bustader gjer det vanskeleg å kunne gi startlån til mange lågtlønne i dag. Særleg flyktningar, trygda og t.d. einslege forsørgjarar.  
Auka nedbetalingstid på lånet, avdragsfrie periodar og evt fastrenteavtaler kan betre dette.

Pkt. 7.8.2

Bra forslag å gjere tilskotet til eit rente- og avdragsfritt lån, midlane kan difor komma nye brukarar til gode

Pkt. 7.8.3

Idear og utvikling av modellar for å utvikla samarbeid med seriøse private utleigarar med sosial profil er viktig og kan bli nyttig vidare. Dette er innspel som kommunane må vurdere seriøst..

Pkt. 8.7.4.2

Heimen og rama rundt er viktig for oppvekstvilkåra til barn og unge . Me helsar velkomen ein bustadpolitikk med dette for auga. Å sikra sårbare familiar mot ustabile og dårlege butilbod er viktig førebyggjande tiltak.

DEL 4

Pkt. 11.4.1.1

Organisering;

Det bustadsosiale arbeidet grip inn i svært mange andre område i kommunen, og oppgåvefordelinga vert fragmentert. Viktig å organisere arbeidet slik at ein ser heilheten, og kan bruke dei ulike virkemidlane best mogleg til beste for brukaren. Tverrfagleg samarbeid er viktig, men då må alle involverte skjønna kor viktig det bustadsosiale arbeidet er.

Pkt. 13

Stord kommune er opptatt av å setja seg mål for det bustadsosiale arbeidet og å integrera det i planverk. Det er gjort gjennom politisk vedteke bustadsosial handlingsplan.

Pkt. 13.1

Kommunen må gjevast meir handlingsrom gjennom fleire bustader for dei mest utsette og vanskelegstilte gruppene i auka midlar til kompetanse og tenesteoppfølging og meir fleksible tilskotsordningar.

Pkt. 13.2

”Gjennomtrekk” i kommunale bustader ved å bruke korttidskontraktar er viktig å oppretthalda. Også at ”leie-til-eie” modellar vert sett i system og få eit større omfang enn i dag. Og at ”eie-til- leige” modellar vert foreslått som ein del av ein heilskapleg sosial bustadpolitikk for vanskelegstilte.

Pkt. 13.4

Auka tilskot til etablering av studentbustader, då det er auka press i leigemarknaden ved at studentar ofte konkurrerer ut dei vanskelegstilte og meir utsette gruppene.

Mvh

Siren E. Hinderaker

Stord kommune

25.11.2011